

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 29.08.2005
Saksbehandlar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Revidert budsjett 2005 og oppdaterte resultatkrav 2005**

Styresak 074/05 B

Styremøte 06.09. 2005

Bakgrunn

Administrerende direktør vil i denne saka legge fram oversikt over dei midlane i som er vedtatt i revidert nasjonalbudsjett, jf. St. prp. nr. 65 (2004-2005) og Innst. S. nr. 240 (2004-2005).

Inntektsramma for 2005 blei behandla under sak 04/05 B på møte den 2/2-2005 og det blei mellom anna fatta følgjande vedtak:

”Administrerende direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramme. Administrerende direktør får og fullmakt til å fordela på helseføretaka og private ideelle, budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF”

Det vil gjennom denne saka bli gitt ein orientering om konsekvensane av revidert nasjonalbudsjett for Helse Vest. Det vil vidare bli lagt fram forslag til disponering av tilleggsløyvingane samt fastsetting av resultatkrav 2005. I tillegg vil det bli gitt ein orientering om dei omdisponeringar som vil bli gjennomført i samband med revidert budsjett.

1. Revidert nasjonalbudsjett - resultatutfordring

Dei samla økonomiske konsekvensane av løyvingane i revidert nasjonalbudsjett kan oppsummerast i følgjande tabell:

Auka inntekt revidert nasjonalbudsjett

Tsunami	1 200
Legemiddel	3 200
Rusbehandling	9 000
LAR	1 700
Tilleggsløyving	122 400
Brutto inntektsauke revidert nasjonalbudsjett	137 500
Avrekning ISF 2004	30 800
Inntektsauke etter avrekning ISF 2004	168 300
Inntektsauke ny DRG pris	41 035
Tekniske endringer:	
Utsett takstreduksjon offentlig lab/røntgeninstitut	-57 000
Utsett takstreduksjon private lab/røntgeninstitut	-11 000
Netto inntektsauke frå staten	141 335

Det er i tillegg gitt utsett frist med balansekrav til 2006, kor om lag halvparten av resultatkravet må vere innfridd i 2005. Med utgangspunkt i eit korrigert resultat i 2004 på kr -530 mill. vil resultatkravet frå eigar i 2005 vere eit underskot ikkje større enn kr 265 mill.

I revidert nasjonalbudsjett er det vedtatt kr 100 mill til styrking av lokalsjukehusa. Det skal utarbeidast planar for lokalsjukehusa og omstille sjukehuset i regionane i tråd med dei politiske føringane. Midlane skal nyttast til planprosessar og tiltak for å forsere prosessen i lokalsjukehusa, i lokalsjukehusfunksjonen og til realisering av samhandlingstiltak med primærhelsetenesta. Ved tildeling av midlane vil det bli lagt vekt på at tiltaka er forankra i heilskapelege strategiar og planar for lokalsjukehusa. I denne saka er det ikkje tatt inn midlar knytt til denne prosessen.

Den samla inntektsramma fordelt på dei enkelte postane på statsbudsjettet er som følgjer:

Kap. Post	Sak 04/05 Inntektsfordeling 2005	Endringar etter revidert nasjonalbudsjett	Justert grunnlag for inntekts- fordeling 2005	
ISF estimat - Bestilling eigne HF og private ideelle *)	732. 76	3 532 186	41 035	3 573 220
Manglande omrekning ISF 40/60		103 802	-103 802	0
ISF avrekning 2004			30 800	30 800
Basisramme	732. 73	6 769 561	69 500	6 839 061
Tillegg legeoppgjør (omgrupperingsproposisjon)		9 306		9 306
Prisjustering av psykiatrimidler lagt over i ramme	743. ___	3 291		3 291
Sjuketransport	732. 70	200 300		200 300
Medisinske kompetansesentre	732. 78	232 100		232 100
Psykisk helsevern	743. 75	226 077		226 077
Tilskot til opptreningsinstitusjoner	732. 70	24 192		24 192
Omlagging av arbeidsgiveravgift	733. 70	37 919		37 919
Utdanning av radiografer/genetisk veiledning	720. 01	750		750
Tilskot til psykososialt arbeid for flyktingar	743. 75	2 950		2 950
Sum inntekt frå staten		11 142 434	37 533	11 179 966
Usikkerhet i inntektsramma, jf. omrekning ISF		-103 802	103 802	0
Sum inntekt frå staten i medhald av bestillinga		11 038 632	141 335	11 179 966

*) ISF inntekta er eit overslag basert på bestillinga frå Helse Vest til eigne helseføretak og private ideelle. Denne posten inneheld ikkje inntekt knytt til produksjon av gjestepasientar hos andre regionar og private aktørar.

Ved disponering av revidert nasjonalbudsjett vil administrerande direktør legge til grunn følgjande vurderingar når det skal takast stilling til fordeling av midlar:

1. Helse Vest vil oppretthalde resultatkravet i helseføretaka og følgje opp at dei tiltak som er vedtatt blir gjennomført.
2. I samband med fordeling av inntektsramma for 2005 under sak 04/05 B blei det ved omrekning av ISF frå 40 til 60 % berekna kr 103,8 mill for høg inntekt frå staten. Konsekvensane av dette var at det i inntektsfordelinga for 2005 blei delt ut tilsvarande for mykje midlar. Administrasjonen vil derfor legge til grunn at tilleggsøyvinga på kr 122,4 mill blir halde tilbake i RHF'et til mellom anna å dekke ISF omrekninga. Dei private ideelle får tildelt 7 % av resterande del på kr 18,6 mill som utgjer kr 1,3 mill. Samla midlar som vert lagt inn i RHF'et er då på Kr 121,1 mill.
3. I Samband med ISF oppgjeret for 2004 er det gitt ei tilleggsøyving som for Helse Vest utgjer kr 30,8 mill i auka inntekt på 2005. Det er ikkje gitt nokon føring på korleis midlane skal bli fordelt, men administrerande direktør vil her legge til grunn av midlane vert fordelt mellom eigne helseføretak og dei private ideelle med basis i faktisk DRG produksjon i 2004. For eigne helseføretak utgjer dette kr 28,8 mill. Resultatkrav til HF'a må justerast tilsvarande.
4. Budsjettet for 2005 legg til rette for ei vidareføring av om lag same aktivitetsnivå som i 2004. Då ISF prisen for 2005 vart fastsett til kr 30.325,- hadde ein ikkje informasjon om omfanget av registreringsendringa i 2004. Omfanget av registreringsendring i 2004 har vore lågare enn tidlegare antatt. Dette har derfor ein konsekvens for prisen i 2005 som no er justert opp med kr 389,- til kr 30.714. Med utgangspunkt i bestillinga frå Helse Vest til eigne helseføretak og dei private ideelle utgjer dette ei auka ISF inntekt på kr 41 mill (justert for bestillinga hos dei private ideelle, sjå punkt 7 under kommentarar til omdisponering av budsjettmidlar). Administrerande direktør legg her til grunn at den nye prisen blir nytta overfor HF'a og andre avtalepartnarar for 2005. Helseføretaka har ein krevjande budsjettsituasjon i 2005 og har som eit av tiltaka lagt opp til ein høgare produksjon enn bestillinga frå Helse Vest for å nå resultatkrava. Bestillinga frå Helse Vest er om lag på same høge nivå som i 2004. Utviklinga pr. juni viser at det er ein usikkerheit rundt produksjonsføresetnadane til HF'a. Administrerande direktør vil derfor legge til grunn at det ikkje blir stilt auka resultatkrav som følgje av ny DRG pris, men at denne er med å auke muligheita for å nå budsjettet for 2005.

Disponeringa av dei enkelte postane på statsbudsjettet vil bli omtala seinare i saka.

Med basis i dei vurderingane som her er lagt vil ein kunne oppsummere resultatutfordringa for 2005 på følgjande måte:

Budsjettvedtak 2/2-2005	-186,0
Omregningspunkt ISF (70+34)	-103,8
Resultatutfordring justert for ISF omregning	-289,8
Meiravskrivningar på investeringar 2002-2005	91,0
Resultatutfordring justert for avskrivningar	-198,8
ISF oppgjer 2004	28,8
Tilleggsøyving revidert nasjonalbudsjett	121,1
Resultatutfordring etter revidert nasjonalbudsjett	-48,9

Helseføretaka har ved utgangen av juni eit akkumulert budsjettavvik på kr 86 mill. Det er i dette avviket tatt høgde for ny DRG pris, men ikkje gjort justeringar for løyvingar i revidert nasjonalbudsjett. For å nå eit resultat i balanse er det ein føresetnad at helseføretaka klarer å styre kostnadene slik at ein leverer eit resultat i tråd med fastsett budsjett. Det er derfor nødvendig at helseføretaka har full fokus på tiltak og om nødvendig sette inn korrigerande tiltak for å nå sine budsjett. I RHF'et låg det opphavleg ein reserve på kr

146,1 mill. I samband med forhandlingar med dei private ideelle og rus institusjonane har ein måtta nytta kr 18,8 mill av reserven. I tillegg må det nyttast kr 1 mill til etablering av internrevisjon, slik at det no gjenstår kr 126,3 mill i reserve. Denne vil kunne nyttast som ein buffer i forhold til resultatutfordringa på kr 48,9 mill samt auka kostnader i RHF'et og manglande resultatoppnåing i HF'a.

Oppdatert resultatkrav for kvart av helseføretaka blir omtala i slutten av denne saka.

Fordeling av midlar i revidert nasjonalbudsjett

1. Tsunami

I samband med flodbølgekatastrofen i Asia ved årsskiftet blei det oppretta kriseteam ved Helse Bergen og Helse Stavanger. Det er i den samanheng tildelt kr 1,2 mill til å dekkja dei ekstra kostnadane ein hadde i forbindelse med kriseteama. Dei aktuelle helseføretaka har rapportert inn meirkostnader i samband med kriseteama og desse fordelar seg med 51 % på Helse Stavanger og 49 % på Helse Bergen. Ekstraløyvinga på kr 1,2 mill blir då fordelt med kr 0,612 mill til Helse Stavanger og kr 0,588 til Helse Bergen.

2. Dyrare legemiddel

Finansiering av dyre legemiddel til moderne kreftbehandling er ein krevjande og aktuell problemstilling. Dagens finansiering av medikamentell behandling er basert på at legemiddel blir finansiert innafor det samla budsjett for helseføretaka. Helse- og omsorgsdepartementet har starta ein gjennomgang av finansieringssystemet si evne til å handtera utviklinga i bruk av dyre medikament. For 2005 har Helse Vest fått ei løyving på kr 3,2 mill til finansiering av dyrare legemiddel.

Midlane blir foreslått fordelt etter same fordelingsnøkkel som basisramme somatikk og ramme til høgspesialiserte funksjonar. Dette gir følgjande fordeling på dei aktuelle føretak og institusjonar (tal i heile tusen kroner):

Fordeling av tilskot til dyrare legemiddel:	
Helse Stavanger	820
Helse Fonna	451
Helse Bergen	1 412
Helse Førde	348
Haraldsplass diakonale sykehus	169
SUM	3 200

3. Auka midlar til rus

I revidert nasjonalbudsjett er det lagt inn auka midlar til styrka behandling av rusavhengige. For Helse Vest utgjer dette kr 9 mill i auka midlar for 2005.

Rusreforma gav Helse Vest RHF i 2004 ei meirutgift på ca kr 12,4 mill. Det samla budsjettet var då på 260 mill. kr.

I budsjett for 2005 har Helse Vest tatt utgangspunkt i nivået for 2004 med tillegg av prisstigning, dvs kr 273 mill. I samband med inngåing av nye avtaler i 2005 er budsjettet justert opp med kr 2 mill.

I tillegg vil det være behov for å tilføre Haugaland A-senter ca 4 mill. kr for å rette opp den situasjonen institusjonen er komen i og for å oppretthalde drifta på dagens nivå med tillegg av 2 døgnplasser. Tuastad Gård blei oppretta i 2004 og får derfor ein heilårseffekt på kostnadene i 2005 som medfører eit tilleggsbehov på kr 2 mill.

Med forventna auka utgifter til kjøp av gjesteplassar innan rus behandling betyr dette at Helse Vest i 2005 vil få ei meirutgift på ca. kr 28 mill.

Dette er utgifter som i hovudsak er gått til å auke kvaliteten på tilbodet og kapasiteten. Det er først og fremst gjennom økt kjøp av gjesteplassar, men også til ein viss utviding av døgnplassar ved Haugaland A-senter og økt aktivitet ved Tuastad Gård.

Det er behov for å styrke fleire deler av tilbodet innanfor tverrfaglig spesialisert behandling for rusmisbrukarar, mellom anna avrusingstilbodet. I den føreliggjande situasjon foreslår administrerande direktør at tilleggsøyvinga i revidert budsjett blir nytta til å dekke delar av forventna meirutgift som følgje av auka aktivitet.

Samla budsjett til rus omsorga blir då som følgjer:

- Opphavleg budsjett	kr 273,3
- Resultat av forhandlingar (omdisponering reserve)	2,0
- Tilleggsøyving revidert nasjonalbudsjett	9,0
- Tilleggsøyving RNB – styrking LAR	<u>1,7</u>
Sum budsjett rus omsorga	<u>kr 286,0</u>

4. Auka midlar til LAR

Talet på LAR behandlingar har dei siste åra auka kraftig. Vurderingar frå faginstansane og ventelistetala har gjort at det i revidert nasjonalbudsjett har blitt lagt inn auka midlar til Helse Vest med kr 1,7 mill til LAR behandlingar. Helse Vest har avtale med Stiftelsen Bergensklinikkane og Rogaland A-senter. Midlane vil bli fordelt mellom desse to institusjonane med basis den faktiske aktivitetsauken.

5. Tilleggsøyving - styrking av basisramma

Det er gitt ei tilleggsøyving på kr 122,4 mill til styrking av basisramma. Det er ikkje gitt nokon føringar på bruken av midlane og Helse Vest legg derfor til grunn at midlane vert brukt til å nå balansekravet.

Under sak 04/05 B Inntektsfordeling 2005 blei det lagt til grunn eit omrekningsbeløp ISF frå 40 til 60% som var kr 103,8 mill høgare enn løyvinga frå departementet. Forholdet blei påpeikt i eige brev frå dei regionale helseføretaka til Helse- og omsorgsdepartementet. HOD har gjort greie for dei berekningar som er lagt til grunn for omlegging ISF og dette inneberer at Helse Vest har berekna kr 103,8 mill for høg basisramme i forhold til løyvinga. Administrerande direktør vil derfor foreslå at tilleggsøyvinga vert nytta til å dekke omrekningsdifferansen med kr 103,8 mill. Den resterande delen av løyvinga utgjer då kr 18,6 mill kor administrerande direktør foreslår å bruke kr 1,3 mill til å styrke løyvingane til dei private ideelle (*private ideelle utgjer 7 % av totalbudsjettet*). Dette inneber følgjande:

Tilleggsøyving revidert nasjonalbudsjett	kr 122,4
Fråtrekk omrekningsdifferanse ISF	- 103,8
Styrking av ramma til private ideelle	<u>- 1,3</u>
Resterande del som vert liggande igjen i RHF'et	<u>kr 17,3</u>

6. ISF oppgjeret 2004

Analyser av indeksveksten viser at omfanget av registreringsendring i 2004 ligg lågare enn det som var føresetnaden for fastsetting av DRG pris i 2004. DRG poenga i 2004 er i større grad knytt til reell aktivitet enn føresatt. Med basis i denne situasjonen er det gitt ei tilleggsøyving som for Helse Vest utgjer kr 30,8 mill. I og med at rekneskapen for 2004 er ferdig avslutta vil denne inntektsauken komme i 2005. Inntekta blir fordelt til eigne helseføretak og private ideelle med basis i faktisk DRG produksjon 2004.

Dette gir følgjande fordeling av ISF inntekta (i heile tusen kronar):

Fordeling av ISF oppgjør 2004	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Private ideelle	SUM
ISF Inntekt	8 318	4 350	12 683	3 413	2 036	30 800

Dette er ei eingangsløyving. Det blir vist til kommentarane ovanfor vedrørande ny DRG pris for 2005 som er ein konsekvens av registreringspraksis i 2004.

Kommentar til omdisponering av budsjettmidlar

7. Private ideelle – bestilling 2005

Då inntektsfordelinga 2005 vart behandla på møte den 2/2-2005 under sak 04/05 var ikkje forhandlingane med dei private ideelle ferdige. Det vart derfor lagt til grunn same nivå som i 2004 justert for lønns- og prisvekst. Dei private ideelle har på same måte som eigne helseføretak økonomiske utfordringar. Det har derfor vore krevjande forhandlingar og i 2005. Det er særleg forholdet rundt handtering av kapital, investeringar og vedlikehald som har vore sentralt. Det er allereie etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå både dei private ideelle og Helse Vest som skal utarbeide forslag til system for handtering av kapital. Forslaget er venta ferdigstilt hausten 2005.

Basisramma til dei private ideelle er i bestillinga for 2005 samla sett justert opp med kr 16,8 mill. Beløpet dekker IT kostnader, legestillingar, vakthald/sikkerheit og kapitalhandtering. Beløpet blir finansiert gjennom omdisponering av reserven.

Ved fastsetting av bestillinga for 2005 er det gjort justering av DRG poeng som utgjer ei reduksjon i ISF inntekta både til dei private ideelle og Helse vest på kr 4,2 mill. Samstundes er effekten av ny DRG pris kr. 3 mill. Dette inneber ein netto auke på budsjettposten til private ideelle på kr 15,6 mill.

I budsjettposten ligg det inne kr 4,7 mill til Lassatjern behandlingssenter. Helse Stavanger har tidlegare overtatt ansvaret for avtalen. Midlane blir derfor overført til Helse Stavanger HF og blir lagt inn i deira basisramme.

Samla budsjett til private ideelle blir då som følgjer (heile mill.):

- Opphavleg budsjett inkludert opptrappingsmidlar psykiatri	kr. 712,6
- Resultat av forhandlingar (omdisponering reserve)	16,8
- Overført budsjettmidlar Lassatjern til Helse Stavanger HF	- 4,7
- Justering for ISF produksjon	- 4,2
- Justering for ny DRG pris	3,0
- Tilleggsløyving revidert nasjonalbudsjett	1,3
- Tilleggsløyving dyrare legemiddel	0,2
- ISF oppgjeret 2004, sjå pkt. 6	2,0
SUM budsjett private ideelle	<u>kr. 727,0</u>

8. Reservepost

Det er framleis ei usikkerheit knytt til det samla budsjettopplegget og resultatoppnåinga. I RHF'et er denne usikkerheita spesielt knytt til kjøp av gjestepasientar innan rusomsorga, kjøp av gjesteplassar i utlandet og kjøp av helsetenester i sin alminnelegheit. Basert på resultatutviklinga pr. første halvår er det og ei usikkerheit rundt resultatoppnåinga i helseføretaka. Det er derfor framleis eit behov for å ha ein sentral reservepost for å fange opp desse usikkerheitsfaktorane og bidra til oppnåing av det samla resultatkravet som ligg føre i 2005.

Reserveposten vil etter disponeringa i denne saka vere som følgjer:

Reservepost i sak 04/05 B	146,1
Etablering av internrevisjon	- 1,0
Sluttforhandling private ideelle og rusinstitusjonar	- <u>18,8</u>
Attverande reserve	<u>126,3</u>

9. Takstreduksjon offentleg og private lab. og røntgeninstitutt samt overheng takstreduksjon

Ved behandling av statsbudsjett 2005 blei det vedtatt å halvere satsane for refusjon til laboratorie- og røntgenverksemd gjeldande frå 1. mai 2005. Gjennom behandlinga i Stortinget (Ot.prp.nr. 5 (2004-2005)) blei tidspunktet for halvering satt til 1. september 2005. Dette inneberer ei teknisk justering av basisramma som følgjer:

Kompensasjon for takstreduksjon RTV	Statsbudsjett	Endringar	Revidert nasjonalbudsjett
Overheng takstreduksjon	24 000		24 000
Halvering takster poliklinikk - post 732.76 (HF)	92 000	-57 000	35 000
Halvering takster poliklinikk - post 2711.76 (private)	20 000	-11 000	9 000

Som følge av redusert refusjon frå RTV vil dei aktuelle institusjonar derfor få ei styring av basisramma i tråd med dei løyvingane som er gitt Helse Vest. Helse Vest vil fordele desse midlane med basis i fordelinga på RTV-refusjonen for dei aktuelle HF'a og lab/røntgeninstitutta. Fordelinga vil bli gjort administrativt med basis i dei opplysningar ein har om refusjonsbeløpa på dei aktuelle einingar.

10. Pasientbehandling i utlandet

Helse Bergen overtok i 2004 det organisatoriske og administrative ansvaret for behandling av pasientar i utlandet. Det er for 2005 budsjettert med kr 8,048 mill til utanlandsbehandling og midlane blir no overført til Helse Bergen.

Helse Bergen har i eige brev tatt opp problemet knytt til refusjon av ISF på utanlandsopphald. I tillegg har det vore ein auke i talet på utanlandspasientar. Dette inneber at budsjettposten vil vere for låg til å dekke dei faktiske kostnadane. Helse Vest vil ta opp problemstillinga knytt til ISF refusjon med Helse- og Omsorgsdepartementet. Helse Vest vil derfor måtte komme tilbake til denne budsjettposten etter at forholdet har vore drøfta med HOD.

11. Etablering av internrevisjon

I føretaksmøtet 17. januar 2005 blei Helse Vest bedt om å etablere internrevisjon. Internrevisjon skal vere etablert innan utgangen av 2. tertial 2005. Vi viser her til sak 52/05 B og sak 75/05 B. Etablering av ordninga er lagt ut i ein open anbuds konkurranse. Anbudsfristen har no gått ut og det er satt i verk ein prosess med utveljing av leverandør. I budsjettet for 2005 blir det sett av ei kostnadsramme på kr 1 mill. Posten må finansierast gjennom omdisponering av reserven i budsjettet.

Med utgangspunkt i løyvingane i revidert nasjonalbudsjett og omdisponeringar av budsjettpostar i Helse Vest RHF får vi følgjande revidert inntektsfordeling til helseføretaka i 2005:

Fordeling av inntektsrammen 2005 i Helse Vest

Inntektsfordeling 2005 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	949 726	502 635	1 484 960	400 099		3 337 420
Inntektsramme Helse Vest RHF					1 829 398	1 829 398
Basistilskot somatikk	730 530	413 903	813 128	318 911		2 276 472
Basistilskot psykiatri	482 508	326 109	608 463	218 095		1 635 175
Høgspesialiserte funksjoner	21 000	-	482 000	-		503 000
Korreksjon for pasientstrøm	-25 982	-31 298	101 900	-44 620		-
Skjønnstilskot	-	27 800	122 500	89 700		240 000
Tilskudd til avskrivning	190 878	113 692	255 024	81 494		641 088
SUM	2 348 660	1 352 841	3 867 975	1 063 679	1 829 398	10 462 553
Fordeling utanfor inntektsmodell:						
Tilskudd i basisrammen						
Poliklinikk overført basisramme	47 487	20 546	59 771	26 213		154 016
Kreftplan	6 910	1 056	9 133	2 507		19 606
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	9 512	472	27 995		37 979
Kompensasjon for el-avgift	4 740	5 100	10 250	2 749		22 840
Førebels uttrekk ny IKT eining	-67 162	-30 931	-89 292	-22 827		-210 212
Tilskot for å dekke faktura frå IKT eining	67 162	30 931	89 292	22 827		210 212
Særskilte tildelinger						
"Mor og Barn" prosjekt	414					414
Øremerket tilskudd						
Opptappingsplan psykiatri 2004	4 063	2 427	4 811	2 682		13 983
Opptappingsplan psykiatri 2005	10 410	8 913	17 000	8 892		45 215
Tilskudd til utdanning	10 432	5 220	89 636	3 952		109 239
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 710		2 068			3 778
Regionale komp.sentre- kreftplan			18 846			18 846
Nasjonale med. komp. Sentre			25 397			25 397
Syketransport	32 788	35 544	73 304	62 852		204 488
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 600					3 600
Tilskudd til psykososialt arbeid flyktinger			2 950			2 950
Insulinpumpar	2 534	1 494	4 446	808		9 282
Revidert nasjonalbudsjett						
Tsunami	612		588			1 200
Dyrare legemedel	820	451	1 412	348		3 031
ISF oppgjeret frå 2004	8 318	4 350	12 683	3 413		28 764
Omdisponeringar av budsjettmidlar						
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	4 738					4 738
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			8 048			8 048
Utsatt halvering takster poliklinikk						0
Overheng taktsreduksjon						0
SUM tildelt inntektsramme 2005	2 488 235	1 447 454	4 208 790	1 206 089	1 829 398	11 179 966

Sjå vedlegg 1 for nærmare spesifikasjon av disponering og endring av dei enkelte postane i budsjettet til Helse Vest RHF.

3. Oppdatert resultatkrav

I styresak 32/05 B blei det fatta vedtak om et konsernresultat i balanse for 2005. Resultatkravet bygde på følgjande føresetnad:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apotekene	IKT	HV	TOTAL
Resultat - vedtak 2/2-05	0	-20	-130	-36	0	0	0	-186
Korreksjon avskrivning	11	27	34	19				91
Korrigert resultat	11	7	-96	-17	0	0	0	-95
Krav om ytterlegare resultatforbetring							95	95
Sum resultatkrav 2005	11	7	-96	-17	0	0	95	0

Med basis i revidert nasjonalbudsjett og dei disponeringar som er gjort greie for ovanfor, vil administrerande direktør tilrå følgjande resultatkrav for dei enkelte helseføretak og konsernet:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Budsjettvedtak 2/2-2005	0,0	-20,0	-130,0	-36,0	0,0	0,0	0,0	-186,0
Omregningspunkt ISF (70+34)							-103,8	-103,8
Resultatutfordring justert for ISF omregning	0,0	-20,0	-130,0	-36,0	0,0	0,0	-103,8	-289,8
Meravskrivninger på investeringar 2002-2005	11,0	27,0	34,0	19,0				91,0
Resultatutfordring justert for avskrivninger	11,0	7,0	-96,0	-17,0	0,0	0,0	-103,8	-198,8
ISF oppgjør 2004	8,3	4,3	12,7	3,4				28,8
Tilleggsbevilgning revidert nasjonalbudsjett							121,1	121,1
Resultatkrav etter revidert nasjonalbudsjett	19,3	11,3	-83,3	-13,6	0,0	0,0	17,3	-48,9

Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til forslag om fordeling av midlar som er vedtatt i revidert nasjonalbudsjett samt omdisponering av budsjettmidlar som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme vedtak 2/2-05	2 461 719	1 436 287	4 167 251	1 197 261	1 879 915	11 142 434
Revidert nasjonalbudsjett						
Tsunami	612		588			1 200
Dyrare legemiddel	820	451	1 412	348		3 031
ISF oppgjøret frå 2004	8 318	4 350	12 683	3 413		28 764
Justering for ny DRG pris	12 029	6 366	18 807	5 067		42 269
Omdisponeringar av budsjettmidlar						
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	4 738					4 738
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			8 048			8 048
Utsatt halvering takster poliklinikk						0
Overheng taktsreduksjon						0
Sum endringar i RHF					(50 517)	-50 517
SUM tildelt inntektsramme 2005	26 516	11 167	41 538	8 828	(50 517)	37 533
Inntektsramme Revidert budsjett	2 488 235	1 447 454	4 208 790	1 206 089	1 829 398	11 179 966

2. Oppdatert resultatkrav 2005 blir fastsett som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2005	19,3	11,3	-83,3	-13,6	0,0	0,0	17,3	-48,9

VEDLEGG 1

Spesifikasjon på disponering av budsjettpostane i Helse Vest RHF

Disponering av inntektsrammen i Helse Vest RHF:	Opprinnelig Budsjett	Endringar revidert budsjett	Revidert Budsjett 2005
Kjøp av helsetjenester innenfor "sørge for ansvaret"	2 005		2 005
Tilskot Apotekene vest	6 194		6 194
Tilskot til influensasenteret i Bergen	2 222		2 222
Driftsavtaler private institusjonar	712 630	10 871	723 501
Revidert nasjonalbudsjett		1 469	1 469
ISF oppgjøret 2004 - private ideelle		2 036	2 036
Driftstilskot private legar	156 000		156 000
Rusbehandling	273 282	12 700	285 982
Polikliniske takstar RUS	(6 300)		(6 300)
Norsk Pasientskade Erstatning	22 196		22 196
Andre avtaler	16 449		16 449
Lab/røntgen	61 402		61 402
Luftambulansen	59 356		59 356
Gjestepasientoppgjør	40 151		40 151
Gjestepasientar - transport og opphold	2 068		2 068
SUM	1 345 648	27 076	1 372 724
Tilskuddsordinger			
Regionsykehustilskot Bergen Legevakt	343		343
Tilskot brukarorganisasjonar	6 204		6 204
Ammesenter ved Rikshospitalet	207		207
UFD Studenthelsetjeneste	87		87
Regionalt brukarutval	278		278
SUM	7 119	0	7 119
Tilbakeholdte midler/fordeles direkte fra RHF			
Tilskot til forskning, utdanning og nasjonale medisinske sentre	88 663		88 663
Sjuketransport - kjøp av tenester frå trygdeetaten	26 042		26 042
Kreftplan Høgskolen i Bergen	459		459
Kvalitetsregistre (overført fra SH dir)	2 000		2 000
Tilskot til utdanning av stråleterapeuter	2 700		2 700
Utdanning av radiografer/genetisk veiledning	750		750
Pasientbru	8 048	-8 048	(0)
Fylkeskommunale kostnader	5 000		5 000
Etablering helsenett	7 300		7 300
Implementering av BEK	6 000		6 000
Tilskot til opptreningsinstitusjoner	26 692		26 692
Tilskot til nasjonale kompetansesentere	4 136		4 136
Konserntillitsvalde	1 964		1 964
Etablering av interrevisjon		1 000	1 000
Overheng takstreduksjon	24 000		24 000
Halvering takster poliklinikk - post 732.76 (HF)	92 000	-57 000	35 000
Halvering takster poliklinikk - post 2711.76 (private)	20 000	-11 000	9 000
Revidert nasjonalbudsjett - tilbakeholdt i RHF		17 298	17 298
Reserve for å fange opp usikkerheit (se spesifikasjon)	146 157	-19 843	126 314
SUM	461 911	-77 593	384 318
Helse Vest morselskap			
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	62 237		62 237
Tilskudd til avskrivning Helse vest	3 000		3 000
SUM	1 879 915	-50 517	1 829 398

